

Flinke ungdommar på Rabben Feriesenter.

05.07.2020



To av dei unge vertane, Helene(t.v.) og Saima framfor den flotte nye uteplassen som heilt sikkert blir populær.

- Dette året er det nye ungdommar som står klare til å ta mot gjestene på Rabben Feriesenter. Dei flinke jentene som har vore der dei siste åra, har teke eit steg vidare i arbeidslivet, og campingeigar Magne Lorentz Heggøy fortel at han har tilsett fire flinke unge jenter. Dei er alt godt i gang med arbeidet på feriesenteret.

Magne L. Heggøy fortel at han ganske tidleg i vår annonserte etter arbeidskraft i sesongen på facebook, og han fekk veldig god respons. Etter ein intervjurunde vart Saima Kristine L. Døssland, Selma Ovidia G. Tarberg, Helene Myklebust og Emma M. Ripel tilsett. Førstnemnde fyller 17 år i år, medan dei tre andre er årsklassen under.



Reine og fine toalett og dusjanlegg er viktig. Det syt Emma og resten av vertskapet for.

Jentene er alt godt i gang med sesongen, og Magne L. Heggøy er svært fornøgd med det gjengen har vist til no.

- Eg har vore veldig godt fornøgd med ungdommane eg har hatt tidlegare, og desse følger flott opp i same sporet. Eg hadde ikkje klart meg utan dei, for sjølv er eg i 100% stilling ved sjukehuset på Stord fram til midten av juli, bekrev han kor viktige jentene er for drifta av feriesenteret.

Jentene er på si side svært glade for at dei har kome gjennom nålaugen og har fått denne jobben.

- Dette er ein veldig kjekk og variert jobb der vi får treffa mange kjekke folk, og vi er kjempeheldige, for det er ikkje mange feriejobbar for oss som er så unge, seier Saima og legg til at dei allereie har jobba ein god del. Etter at det vart opna opp etter koronaen har dei hatt nokre helger med veldig mykje besøk, og elles har det vore jamnt tilsig etter at skuleferien starta.

Ho fortel vidare at arbeidsdagane er todelte med ei føremiddagsøkt og ei ettermiddag-/kveldsøkt, og så er det pause mellom. Det varierer om dei jobbar ei av øktene eller begge, og eg forstår at dei har veldig ordna arbeidstid med oppsett 'skiftsplan'.



Selma O. og Saima K. i resepsjonen. Den er open storparten av dagen.

Arbeidsoppgåvene er som sagt varierte. Dei betjener resepesjonen og tar mot og yter nødvendig hjelp til gjestene. Derifrå ordnar dei også servering av kaffi, kaker og litt anna til dei som ønskjer det i den nye utestova. Dei reknar med at den nye uteplassen blir veldig populær. Det ser dei allereie teikn til.

- Elles har vi jo viktige oppgåver som vask og klargjering av hytter til nye gjester, og så er det sjølvsagt viktig at toalett og dusjanlegget heile tida er reint. Det må gjerast til faste tider, fortel dei vidare og legg til at dei også må fortelja om gode tilbod både i naturen og elles som gjestene bør nytta seg av når dei besøker eit så fint område. Mange gjester ønskjer også å leiga båt.

I tilknytning til resepsjonen har dei også butikk med flotte husflidprodukt som mange er interessert i.

No står fellesferien for døra, og dei ventar mykje besøk. Det vert nok travelt, men kjekt, tenkjer jentene som synes denne jobben er ein fin måte å oppleve ei side av ferielivet på nært hold. Og campingeigar Magne Lorentz Heggøy håpar at han får behalda dei flinke, unge jentene i fleire sesongar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.